

# Hovemadonnaen

– Skapt på 1200-talet. Gjenskapt på 2000-talet

ALF TORE HOMMEDAL

Eit kjenneteikn ved gjenstandar i kulturhistoriske museum er at dei gjerne har gjennomgått ei forvandling frå å vera heile og komplette, slik dei opphavleg vart skapte, til å vera fragmentariske. Dei er i samlingane helst bevarte berre stykkevis og delte etter lang bruk og hundreår med slitasje og fargetap. Sentrale spørsmål i forskning og formidling ved museet er då korleis gjenstanden opphavleg kan ha sett ut. Er det mogeleg å gjenskapa gjenstanden, til slik menneska for lenge sidan har forma, opplevd og nytta gjenstanden som ny?



*Fig. 1a og b* | Hovemadonnaen i gjenskt glans.  
Foto Knut Olav Aslaksen © Universitetsmuseet i Bergen

Eit forsøk på ei slik gjenskaping kan du sjå i utstillinga *Gjenskaping – Hovemadonnaen i ny form. Å forma ein mellomalderfigur på nytt*, som står ved Universitetsmuseet i Bergen vinteren 2021-2022. I den kulturhistoriske museumsbygningen (Historisk Museum) på Nygårdshøyden står det altså for tida to utgåver av Hovemadonnaen, dvs. Maria med barnet frå Hove kyrkje, Vik i Sogn. Den originale Hovemadonnaen frå mellomalderen er å finna på sin faste plass i kyrkjeutstillinga. Den gjenskapte Hovemadonnaen frå vår eiga samtid har mellombels tilhald i utstillinga i resepsjonsområdet ved museet, før gjenskapinga av mellomalderfiguren i mai 2022 vert overført til Hove kyrkje der originalen stod i fleire hundre år. Saman med den nye Hovemadonnaen blir i utstillinga også forteljinga fortalt om skapingsprosessen av vår tids versjon av den over 750 år gamle originalen. Hovemadonnaen er mellom den fremste kyrkjekunsten me har bevart frå 1200-talet i Noreg. Med bakgrunn i den høge kvaliteten figuren har er Hovemadonnaen, med si framstilling av Maria som Himmel-dronning og Jesus som Himmelkongen, i nyare internasjonal litteratur gjeven tilnamnet *Ei diva frå Sognefjorden*. Skulpturen inngår stendig i nyare internasjonal forskingslitteratur på fagfeltet kyrkjekunst.

Det har i Vik i Sogn lenge vore eit ynskje om å få Hovemadonnaen attende til bygda, men dei fleste i Vik innser at originalen no har det best på museum. Den meir realistiske tanken om å få ei ny utgåve av Maria frå Hove attende til bygda har derimot i lang tid vore ei målsetting. Ein idéell og lokalt forankra *Hovemadonnakomiteé* vart oppretta etter initiativ frå Kari Wiken Sunde, Fortidsminneforeningas mangeårige tilsynskvinne ved dei to bevarte mellomalderkyrkjene i Vik; Hopperstad stavkyrkje og Hove steinkyrkje. Komiteén har i dei siste tiåra arbeidd med å skaffa og sikra både økonomi, fagleg forankring og høg kunstnarleg handverkskvalitet for gjenskapingsarbeidet. Målsettinga for komiteén har heile tida vore at den nye Hovemadonnaen skulle stå komplett, med ei gjenskaping av dei delane originalen no manglar på grunn av sine sår og falma fargar. Krava til kvalitet vart sikra gjennom eit samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen og ved at dyktige kunsthandverkarar ved Treskjærerverkstedet AS gjennomførte skapingsarbeidet. Fagkunnskap har altså vore stikkordet, og me kan trygt seia at det er forskingsbaserte vurderingar som ligg til grunn for dei løysingane som er valde for den gjenskapte Hovemadonnaen.

I 2016 var økonomien for prosjektet så pass sikra at Hovemadonnakomiteén våga å setja arbeidet i gang, heile tida i



konsultasjon med Fortidsminneforeninga i Sogn og Fjordane, som til slutt kjem til å overta eigaransvaret for madonnaskulpturen. Mellom februar 2017 og oktober 2020 kunne gjenskinga gjennomførast. Fyrst vart skanning av originalen utført i Bergen av treskjeraren Bjarte Aarseth ved Kulturhistorisk Museum, Oslo. Med utgangspunkt i skannet skjedde så treskjerjing og polykromering, altså fargesetting, alt utført av treskjeraren Boni Wiik og konservatoren Nadine Huth og medarbeidarane deira ved Treskjærerverkstedet. Etter ferdigstillinga vart den gjenskapte madonnaskulpturen, i ei koronatid, overført til Bergen for mellomlagring og utstilling, før Maria frå Hove i 2022 endeleg igjen kan inntaka heimbygda Vik!

Den gjenskapte Hovemadonnaen formidlar altså vår tids kunnskapsbaserte oppfatning av korleis den originale Maria frå Hove kan ha stått som ny. Er då madonnaskulpturen som kjem til Vik i 2022 heilt lik den som bygda tok imot på 1200-talet? Sjølvsaugt er skulpturen ikkje det. For det fyrste veit me at den originale baldakinen Maria sit under hadde hengsla

og vakkert utforma «skåpdører» på sidene. Disse stod ofte opne i løpet av kyrkjeåret, men dei kunne også lukkast rundt skulpturen, som i fastetida. Sidefelta veit me for lite om til å kunna rekonstruera. Berre ved dette skil 2000-talsversjonen seg frå 1200-talsversjonen slik Mariaskåpet då stod på Hove. Det er altså originalen utan skåpdører som er freista gjenskapt, denne gjenskapinga er så lik originalen i 1200-talsform som på fagleg grunnlag har vore å koma. Etter alt å døma er det ei rett gjengjeving når den nye Maria frå Hove no t.d. sit med eit liljesepter i si høgre hand og når Jesusbarnet held ei bok i si venstre hand. Men sikkert veit me det ikkje, for på originalen sit i dag Maria utan høgre hand og Jesus utan venstre hand. På nokre, forhåpentlegvis få og små punkt er det utvilsamt teke feil i gjenskapingsprosessen, så akkurat slik den gjenskapte Maria med barnet no i alle detaljar er utforma har nok originalen aldri sett ut. Men *hovudinntrykket* er like utvilsamt rett både i form, farge og utstråling. I Hove kyrkje vil venteleg Maria med barnet i 2000-talsform difor på ein gode og rette måte kunna formidla noko av det inntrykket og dei opplevingane menneska også i mellomalderen hadde med Maria med barnet: Himmeldronninga og Himmelkongen i Hove kyrkje.

*Vil du lese meir om Hovemadonnaen så sjå litteraturlista i denne boka: Andersen 2020; Hommedal 2021; Kaland 1970; Kollandsrud 2014; Kroesen 2019; Kroesen & Kuhn 2021; Kroesen & Tångeberg 2021; Kuhn 2020 og Plather 2014.*



*Fig. 2a og b* | Detaljane i Marias folder og fargar understrekar den høge kunstnarlege handverkskvaliteten som både den originale og den gjenskapte Hovemadonnaen har. På originalen er fotpartiet ein gong i tida blitt saga av. Gjenskapinga av fotpartiet byggjer på ei grundig vurdering frå fagpersonar ved Treskjærerverkstedet AS og ved Universitetsmuseet i Bergen si side.

Foto Knut Olav Aslaksen © Universitetsmuseet i Bergen